


VÅRE SATSINGSOMRÅDE

IMS sine satsingsområde bygger på IMS sin visjon:

**Vi vil bygga varme, inkluderande fellesskap,
vinna nye for Jesus og gjera dei til hans disiplar**

I 2014 vart det laga ny strategiplan, gjeldande til 2020, med utgangspunkt i visjonen vår.
Strategiplanen finn du på: <http://indremisjonssamskipnaden.no/om-oss/strategiplan>



Dei nye satsingsområda gjeld for perioden haust 2017 til haust 2019. Også etter dette vil områda vera gjeldande, men kanskje med ulikt fokus og anna prioritering. Leir og talarhjelp, som også er våre bidrag inn mot lag og foreiningar, vil me fortsetja med. Dei er ikkje nye eller vesentleg endra satsingsområde, og vil difor ikkje bli tatt med her.

FORSAMLINGSBYGGING

Ordet forsamling er eit gresk ord som i vanleg samanheng betyr folkeforsamling eller «dei som kjem saman, fordi dei er kalt ut/saman» (bedehushåndboka pkt 3.1 og 3.11.2.) Me tenkjer vidt om omgrepet forsamlingsbygging. IMS ynskjer å vera ressurs inn mot forsamlingsbygginga lokalt. Det gjeld støtte både til dei som ynskjer å vera sjølvstendig forsamling med eit fullverdig tenestetilbod til sine medlemmer, og dei som ynskjer å stå i samarbeid med andre – men som er klar for å utvikla seg til å bli ei meir sunn og voksande forsamling.

■ GÅ I PROSESS MED AKTUELLE LOKALE FORSAMLINGAR

Mål: Stilla med kompetanse, slik at lokale forsamlingar som ynskjer det kan få hjelp å staka ut vegen, og hjelp til å gå den.
Korleis: Prosess driven av lokal gruppe der IMS kan gå inn som vegleiar. Naturleg menighetsutvikling (NaMu) kan vera aktuelt hjelpemiddel.

■ HJELP TIL SJØLVHJELP

Mål: IMS skal vera medspelar for foreiningane og stilla hjelpemiddel til disposisjon, slik at dei kan vera sjølvhjelpne i eiga utvikling.

Korleis:

- Oppnemna personar frå IMS sentralt som kan foreta dåp og gravferder, evt. andre tenester. Opplæring av lokalt leiarskap til å utføra tenester.
- Gjera kjent aktuelle ressursar frå ImF, eks. Awana og nettbasert undervisning for korleis utføra tenester lokalt.
- IMS stiller aktuelle malar og opplegg til disposisjon, eks møtekonsept, liturgiar til bruk i møter, opplegg for livsnære grupper/bibelgrupper, opplegg for nattverd som naturleg del i enkelte møter.
- Vera behjelpeleg i lokal dialog, eks. samarbeid mellom bedehus og eventuelt den lokale kyrkja.

■ HA FOKUS PÅ TEMAET LIVSKRAFTIGE FORSAMLINGAR

Mål: Lokal leiing skal vera opptatt av temaet.

Korleis: Haldnings- og kulturendring over tid:

- Skriva om temaet i Venen.
- Fokus i ressursgrupper og leiarsamlingar.
- At tilsette og frivillige i IMS er gjennomsyra av temaet, fokus i arbeidarsamlingar m.m.

■ FORSAMLINGSKONFERANSE NORHEIMSUND

Mål: Hjelp til forsamlinga, korleis den kan vera sunn og voksande.

Målgruppe: Aktive og potensielle leiingar i alle aldrar, open for alle.



LEIARTRENING

■ MOTIVERA FOR UTRUSTANDE LEIARSKAP LOKALT

Mål: Utrusta lokale leiingar til opplæring og oppfølging av aktive og potensielle leiingar, slik at forsamlinga kan byggast opp.

Målgruppe: Lokale leiingar som ynskjer å gå i prosess.

■ LEIARKURS FOR UNGDOM, TRE LAURDAGAR VINTERSTID

Mål: Bevisstgjera og utrusta som leiing og førebilete.

Målgruppe: Aktive og potensielle leiingar.

■ RESSURSGRUPPER, TO GONGER I SEMESTERET

Mål: Skapa trygg arena der lokale hovudleiingar kan oppleve støtte, utvikling og utrusting.

Målgruppe: Lokale hovudleiingar i lag og foreiningar.

■ ÅRLEGE REGIONALE LEIARSAMLINGAR

Mål: Samtala om arbeidet, oppleva fellesskap og setja fokus på aktuelle tema.

Målgruppe: Lokale leiingar.

■ ÅRLEG LEIARKONFERANSE FOR HEILE IMS-OMRÅDET, 29. SEPTEMBER 2018

Mål: Kunnskap til vekst og handling.

Målgruppe: Aktive og potensielle leiingar i alle aldrar, open for alle.

FELLESSKAPSPLANTING

Med fellesskapsplanting tenkjer me på nye kristne fellesskap som vert starta, primært på stadar der det er få eller ingen fellesskap. Desse fellesskapa startar oftast som små spirer, i eksempelvis bibelgrupper, men har potensiale i seg til å veksa til forsamlingar. Fellesskapa har ein visjon utover seg sjølv, og arbeider målretta for å nå sitt lokalsamfunn gjennom det vesle fellesskapet. Fellesskapsplanting kan skje gjennom å byggja fellesskap rundt personar som allereie bur i område utan fellesskap, og gi dei oppfølging, eller at fleire personar flyttar til ein ny stad for å starta/leia fellesskapsplantinga.

■ KOMMUNISERA TEMAET

Mål: I løpet av dei to neste åra skal misjonsvenner i IMS ha høyrte om fellesskapsplanting og forstå innhaldet av ordet.

Korleis: Formidla temaet i ulike fora som leiar- og temasamlingar, fokus i Venen og tema på ungdomsleiarar.

■ IDENTIFISERA MOGLEGE PLANTARAR

Mål: Knytta til oss plantarar for at nye fellesskap skal kunne oppstå.

Korleis: Vera vaken for enkeltpersonar og miljø som har lengt/kall etter å starta nye fellesskap.

■ STØTTA OG FREMMA FELLESSKAPSPLANTING

Mål: Menneske som vågar å ta steget til å planta nye fellesskap skal oppleve støtte frå IMS.

Korleis:

- Dei vert tala vel om.
- Vera i dialog med aktuell moderforsamling som kan vera til støtte gjennom bøn, evt. økonomi og samtale.
- Sørga for oppfølging gjennom aktuelt/nasjonalt læringsfellesskap.

■ MILJØ FOR LÆRING

Mål: Vera del av miljø for læring. Oppretta gruppe på krets nivå som kan ha fokus på tema.

Korleis: Dra nytte av erfaringar frå fellesskapsutvikling, og sikra at enkeltpersonar og grupper i IMS får oppfølging gjennom plantenettnettverk i ImF.

KONFIRMANTARBEID

■ UNDERVISNINGSPLEGG

Mål: Laga eit bibeltru opplegg med fokus på aktuelle tema for å skapa ein solid grunnmur for ungdommen.

Skapa gode rammer for samtale og nære relasjonar.

Korleis: Undervisning med påfølgande samtale. Stilletid med lesing av bibeltekst. Samtala om kva det betyr det for meg. Avslutning med kvelds.

■ PRAKSIS

Mål: At konfirmanten finn sin plass i si forsamling.

Korleis: Hjelpa konfirmanten med å finna ut kva kvar enkelt synest er kjekt å driva med, og få dei til å innsjå at det dei har å bidra med er veldig nyttig.

■ WEEKEND HAUST OG TUR I VINTERFERIEN

Mål: Skapa gode relasjonar som vil auke læringsutbyttet. Bevisstgjerjing av tru.

Korleis: Bibelundervisning, aktivitetar og bli bevisstgjort på tru gjennom dialog med andre ungdommar.

■ KONFIRMASJONSDAGEN

Mål: At konfirmanten denne dagen har tatt eit val om å fylgja Jesus og at seremonien er prega av dette.

Korleis: Forbønshandling for kvar enkelt konfirmant. Me vil engasjera ungdommane slik at det blir deira dag og deira seremoni. At dei får vera med å planlegga denne dagen er viktig.